

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkesrådmannen tilrår eit samarbeid med Bergen Kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknytning til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.
2. Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.
3. Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgreiast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:
  1. Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.
  2. Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.
  3. Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemd gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjeveransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).
  4. Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjever for både grunnskule og vidaregåande opplæring.